



Frekhaugmarka vel v/ Mabel Johansen
Galtnesvegen 42
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/2775 - 17/9255

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
10.05.2017

Informasjon om avrenning til Mjåtveitvelva

Meland kommune sender dette brevet til Frekhaugmarka vel og ønskjer at det blir vidareformidla til bebuarane i området.

Meland kommune mottok i slutten av mars 2017 ei bekymringsmelding om avrenning/utslepp til Mjåtveitvelva. I dette tilfelle kom det mykje skum ned i ein sidebekk til elva, det var også sterkt såpelukt frå vatnet. Dei som varsle Meland kommune hadde følgd dette tilbake til eit garasjeanlegg i Galtnesvegen.

Meland kommune ynskjer difor å informera litt om Mjåtveitvelva til bebuarane nærmast elva. Mjåtveitvelva har fleire ulike naturverdiar knytt til seg som er sårbar for ulike påverkningar. I den nye kommuneplanen som vart vedteken 17.06.2015 vart det lagt ei omsynssone for naturmiljø langs Mjåtveitvelva. Dette gjeld heile vassdraget frå og med Dalevatnet og til utløpet i Elvavika. Omsynssona gjeld i ei 30 m brei sone rekna 15 m frå midten og ut til kvar side. Sona gjeld også for Kloppedalselva (om lag 230 m) som renn frå Mjåtveit næringspark og ut i Mjåtveitvelva. Kommunen informerte grunneigarane til vassdraget om dette i oktober 2015.

Aktivitetar som til dømes vasking av bil, hus eller liknande kan påverka livet i Mjåtveitvelva dersom det renn rett i vassdraget. Kommunen ynskjer å gjere dykk merksame på dette, for å unngå at elva vert påverka av til dømes vaskemidlar. Dette gjeld særlig dei bustadane eller garasjeanlegg som ligg nærmast vassdraget. Det er ikkje forbod mot å gjera vanleg vedlikehald på hus eller bil, men kommunen ber om at det var tatt omsyn. Slik at ein unngår at vatn med mykje såpe eller kjemikalie renn rett ut i elva. Eit enkelt virkemiddel kan til dømes vere å ikkje vaske bil eller liknande rett ved overvannsrør som renn rett i terrenget, eller stå litt lengre frå kanten mot vassdraget.

Dersom noko er uklart eller de har spørsmål, er det bare å ta kontakt med underteikna

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Frekhaugmarka vel v/ Mabel
Johansen

Galtnesvegen 42 5918

FREKHAUG